

Mix 2011 sin cup debut

19.03.2018



Viktig å både helse på motspelarane, samt å takke for kampen

**Søndag 18. mars 2018 vart ein merkedag for dei fotballspelande i 2011 kullet. Då var tida inne for å hente heim den aller fyrste skinnande pokal!**

Turen gjekk til Husneshallen, der dei fekk spele fire kamper. Motstandarane var Trio/Sunde jente 2010 lag 1, Trio G7 Madrid, Herøysund Mix 2010, Trio/Sunde jente 2010 lag 2..

Innsatsen var upåklageleg, og dei viste god sportsånd. Trenar prøvde seg med nokre taktiske grep, utan det heilt store gjennomslaget. Her var det tross alt viktigast å få ballen i mål, med 100% innsats frå kvar og ein! Den viktigaste jobben var å passe på at alle fekk lik speletid, og hugse kven som vart satt inn på sist. Resultata vart både seier, uavgjort og tap, utan at det såg ut til å vera av noko betydning for dei unge håpefulle.

Ei kjekk stund for både spelarar og heiagjeng!



Ingrid var den einaste jenta, som var med. Håpar at flere jenter er med på neste cup



Marcus tok keeperjobben alvorleg, og var ein av fire som fekk prøve seg som målmann



Finare pokal skal ein leita lenge etter! Ingrid, Emil, Iver, Ola, Marcus, Christoffer og Arunas var strålandes nøgd med både pokal og felles innsats



Mix 2011 hadde med ein god heiagjeng, som fekk med seg fire kjekke kampar

Tekst og Foto: Magnhild Haugland  
Nett: Hans Ordin Østebø